



Jølster
2012

På denne plata får du høyre fire spelemenn sine personlege tolkingar av slåttar frå Jølster anno 2012. Slåttane har vore med oss sidan vi lærde å spele, og vi har kvar for oss sett vårt eige preg på dei – endra, utvikla og modna. Jølster er heimbygda vår, og mykje av den musikalske inspirasjonen finn vi her. Med ulike ideal nærmar vi oss musikken på kvar vår måte. Dei sterke personlegdomane våre er med på å farge den store variasjonsrikdommen som dei tradisjonelle slåttane byr på. Det er i solospelet nyansane kjem best fram, og det er som solistar du møter oss på denne plata.

Sigmund | Gro Marie | Erlend | Synnøve

1. **Skreddarhusen, springar** (Synnøve)

Skreddarhusen, den sagnomsuste spelemannen Andreas Egge frå Sandalen i Jølster, spelte inn denne springaren for folkemusikk-samlaren Arne Bjørndal i 1955. Ut frå innspelningane å døme, så likte han å spele litt røft og vilt, trampe hardt og tydeleg, og slå til med frekke trillar. Det var nettopp det som inspirerte meg til å plukke fram denne slåttten, som elles er kjend og mykje brukt i ein snillare variant forma av Ole O. Viken (1848–1926) frå Skei.

2. **Larstunen, springar** (Gro Marie)

Sigmund Eikås (f. 1947) bur i Larstunet på Eikås og slåttten har fått namnet sitt etter det. Tunet ligg med utsikt over elva Jølstra som renn frå Jølstravatnet og ut i Førdefjorden. Når eg høyrer slåttten, kan eg i einskilde parti ane det rennande vatnet, sjå det bruse og slynge seg nedover.

3. **Brureslått etter Knut L. Sandal** (Erlend)

Ein mektig slått. Knut L. Sandal (1913–1964) spela inn denne til Arne Bjørndal på midten av 1950-talet, og form og uttrykk her er mykje inspirert av dette opptaket.

4. **Springar etter Anders Viken** (Sigmund)

Då eg kjøpte bandopptakar i 1960, var dette den fyrste springaren eg lærde meg. Bandopptakaren var eit stort framskritt samanlikna med sveivegrammofonen som hadde vore læremeisleren min tidlegare. Anders Viken (1898–1977) spelte denne i «Folkemusikkhalvtimen» i 1961. Han hadde den etter far sin, Ole O. Viken (1848–1926).

5. **Springar etter Ole Viken** (Sigmund)

Ole O. Viken var bonde, lærar og spelemann, og var fleire gongar med på kappleikane i Bergen kring 1900. Denne slåttten er spesiell ved at han har same «strøkfigur» heile slåttten igjennom.

6. **Halling etter Bensen** (Gro Marie)

Slåttten er etter Johannes Nedrebø (1854–1934) frå Ålhus. Spelemannen gjekk også under namnet Bensen.





7. **Danse-Mari, springar** (Gro Marie)

Første gong eg hørde slåtten blei eg fengsla av den gode danserytmen. Det var komponisten sjølv, Sigmund Eikås, som spelte, og eg minnest eg fekk ei kjensle av å flyge bort over dansegolvet. Sidan har slåtten kome til meg i ulike samanhengar, først og fremst når eg sjølv spelar til dans.

8. **Stillelåt etter Knut Ripe** (Erlend)

Om stillelåtane frå Jølster skriv Arne Bjørndal dette: «Stillelåt var ein viss sort halling som vart spela i bureloftet medan dei budde brura. Under dette sat konone stille som i kyrkja og turka gjerne ei tåre frå augnekråi.» Denne slåtten skil seg noko frå resten av slåttematerialet i Jølster, først og fremst fordi den går i moll, og fordi ånda i den bær preg av at den skal spelast litt fritt rytmisk, i alle fall slik eg tolkar det. Slåtten har vi på lydband etter Anders Viken som igjen har den etter far sin, Ole O. Viken.

9. **Springar etter Bensen** (Erlend)

Dette er ein av dei finaste springarane frå Jølster, tykkjer eg. Enkel i melodi og form, men med mykje innhald likevel. Arne Bjørndal skreiv slåtten ned på notar etter Johannes Nedrebø, sidan har Sigmund Eikås forma slåtten.

10. **Halling etter Ole Viken** (Sigmund)

Ola Ryssdal (1872–1963), Sandane, skreiv ned fleire slåtтар etter Ole O. Viken. Notane vart funne att i Universitetsbiblioteket på 1980-talet, og dei fleste av slåtterne var då ukjende. Dette er ein av dei.

11. **Bensen, springar** (Synnøve)

Denne låten er tidenes hit frå Jølster, og har blitt brukt og misbrukt på kappleikar og konserter så lenge eg kan hugse. Sigmund Eikås har bygd ut slåtten på grunnlag av ei notenedskrift etter Johannes Nedrebø frå Ålhus.

12. **Vikenspringar** (Synnøve)

Denne springaren har kalla fram låtten hos meg fleire gongar. Den er påståeleg, snur og vender seg i uventa retningar, og eg gjer ikkje anna enn å smile når eg spelar den. Slåtten vart skrivi ned på notar etter Ole O. Viken.

13. **Udelt springar** (Gro Marie)

Det er noko herleg over desse gamle, skeive springarane som ikkje kan bestemme seg for om dei skal vere i 2-delt eller 3-delt tak. Musikkvitarane har klødd seg i hovudet og sukka tung over utfordringa med å notere slåtterne ned på notar. Eg vert engasjert og inspirert, og

finn stor glede i å leike med rytmen. Anders Viken har spelt inn slåtten etter far sin, Ole O. Viken.

14. **Springar etter Sigfred Øvrebø** (Sigmund)
Sigfred Øvrebø (1914–1985) var bonde og organist i Ålhus kyrkje. Han kunne ei mengd med slåttar, men dyrka ikkje felespelet i særleg grad. Likevel, han var svært interessert i at stoffet vart teke vare på, og vi fekk gjort opptak av alt han kunne.

15. **Sølja, bruerslått/rull** (Sigmund)
Denne slåtten laga eg i 2002. Det er verre å finne namn på slåttane enn å lage dei, tykkjer eg. Og eg hadde ikkje noko namn på denne den fyrste tida. Men ein gong eg spela han sa Eva Kristin Svidal at «han var så blank og fin» denne slåtten. – Då kallar eg han for Sølja, sa eg.

16. **Øvrebøspringar** (Gro Marie)
Dette er eit av favorittspringarane mine. Den kallar fram mange fargar og stemningar det er lett å drøyme seg bort i. Slåtten er etter Sigfred Øvrebø frå Ålhus.

17. **Halling av Sigmund Eikås** (Erlend)
Dette er ein av dei aller beste hallingane, tykker eg. Ein krevjande slått, men med eit tungt rytmisk driv som gjer den vanskeleg å slutte å spele når ein først har begynt. Denne er eg veldig glad for at kom med på plata, både fordi det er ein slått som syner Sigmund Eikås sin styrke som slåttekomponist, og også fordi det er eit høve til å syne ein lite brukt slått.

18. **Bruerslått** (Synnøve)
Bruerslåttane frå Jølster har eit eige drag over seg, litt vemodige og samstundes høgtidlege. Og av og til er det som om tida står heilt stille. Slåtten vart skrive ned på notar etter Ole O. Viken





On this record, four fiddlers present their personal renditions of traditional tunes from Jølster, 2012 style. These tunes have been with us ever since we learned to play, and we have all added our personal touches, changing, developing and maturing them. Jølster is our native district and the source of much of our musical inspiration. We each have our own ideals and approach the music from our own perspectives, strong personalities adding to the wealth of variation inherent in the traditional tunes. Solo playing brings out every nuance, and it is in a solo context that we appear on this record.

1. **Skreddarhusen, springar** (Synnøve)

Skreddarhusen, the legendary fiddler Andreas Egge from Sandalen in Jølster, recorded this springar for traditional music collector Arne Bjørndal in 1955. Judging from his recordings, he enjoyed playing in a rough, wild style with heavy stomping and cheeky quavers. This is precisely what inspired me to take up this particular tune, otherwise widely known and frequently played in a rather mellower version fashioned by Ole O. Viken (1848–1926) from Skei.

2. **Larstunen, springar** (Gro Marie)

Sigmund Eikås (b. 1947) lives at Larstunet, Eikås, overlooking the river Jølstra, which runs from Jølstravatnet to the Førde fjord. The tune is named after his home. Listening to this tune, I can sometimes sense the motion of the river snaking its way down towards the fjord.

3. **Bridal tune after Knut L. Sandal** (Erlend)

A mighty tune. Knut L. Sandal (1913–1964) recorded it for Arne Bjørndal in the mid-1950s. The form and style of my version is heavily inspired by his recording.

4. **Springar after Anders Viken** (Sigmund)

When I bought a tape recorder in 1960, this was the first *springar* I picked up. The tape recorder was a major improvement from the hand-cranked gramophone that had been my tutor until then. Anders Viken (1898–1977) played this tune on the radio show *Folkemusikkhalvtimen* in 1961. He got it from his father, Ole O. Viken (1848–1926).

5. **Springar after Ole Viken** (Sigmund)

Ole O. Viken was a farmer, teacher and fiddler who competed several times in the championships in Bergen around 1900. This tune is built

around a single set of strokes, an unusual feature.

6. **Halling after Bensen** (Gro Marie)

A tune after Johannes Nedrebø (1854–1934) from Ålhus. He was also known as *Bensen*.

7. **Danse–Mari, springar** (Gro Marie)

The first time I heard this tune, I was struck by the excellent dance rhythm. The composer himself, Sigmund Eikås, was playing, and I remember the sensation of flying across the dance floor. Since then, the tune has come to me on various occasions, mostly when playing at dances.

8. **Stillelåt after Knut Ripe** (Erlend)

Arne Bjørndal has this to say about Jølster's *stillelåt* tradition: 'Stillelåt was a form of *halling* played in the bridal loft while dressing the bride. The women would sit still as if in church, frequently wiping a tear or two.' This tune differs slightly from most of the Jølster heritage in that it is in a minor key and invites a loose rhythmic interpretation. That is my opinion, anyway. The tune exists in a tape recording by Anders Viken, who got it from his father, Ole O. Viken.

9. **Springar after Bensen** (Erlend)

In my opinion, this is one of the finest *springar* tunes from Jølster, simple in melody and structure, but full of substance. Arne Bjørndal transcribed it from Johannes Nedrebø. Since then, it has been developed by Sigmund Eikås.

10. **Halling after Ole Viken** (Sigmund)

Ola Ryssdal (1872–1963), Sandane, transcribed several tunes after Ole O. Viken. His transcriptions were discovered in the University Library in the 1980s, at which time most of the tunes were unknown. This is one of them.

11. **Bensen, springar** (Synnøve)

This tune is Jølster's all-time greatest hit, used and abused at championships and concerts for as long as I can remember. Sigmund Eikås was fashioned it based on a transcript after Johannes Nedrebø from Ålhus.

12. **Vikenspringar** (Synnøve)

This *springar* has had me laughing more than once. It's a stubborn tune that twists and turns in unexpected directions, and I can't help but smile when I'm playing it. It was transcribed after Ole O. Viken.

13. **Udelt springar** (Gro Marie)

There's something delightful about those old, warped *springar* tunes that can't seem to decide whether the meter has two or three beats. Musicologists have a hard time trying to transcribe them. I find them engaging and inspiring, and enjoy playing around with the rhythm. Anders Viken recorded this tune after his father, Ole O. Viken.

14. **Springar after Sigfred Øvrebø** (Sigmund)

Sigfred Øvrebø (1914–1985) was a farmer and played the organ in the church at Ålhus. Although he knew a huge number of tunes, he didn't spend much time playing the fiddle. All the same, he wanted the material to survive, and we were able to record every tune he knew.

15. **Sølja, bridal tune/rull** (Sigmund)

I made this tune in 2002. I find naming the tunes harder than writing them, so to start with, this one had no name. Hearing me play it, Eva Kristin Svidal described it as 'nice and shiny'. 'I'll call it *Sølja*, then,' I said.

16. **Øvrebøspringar** (Gro Marie)

This is one of my favourite *springar* tunes, calling up colours and moods one can easily lose oneself in. The tune is after Sigfred Øvrebø from Ålhus.

17. **Halling by Sigmund Eikås** (Erlend)

In my opinion, this is one of the very best *halling* tunes. It is quite demanding, but has a heavy rhythmic drive that makes it hard to stop playing it once you've started. I'm happy to include it on the record, partly because it showcases Sigmund Eikås' skills as a composer, and partly because it's an opportunity to present a little-known tune.

18. **Bridal tune** (Synnøve)

Bridal tunes from Jølster have their own unique style, slightly melancholy and solemn. Sometimes, it's as if time stands still. This tune was transcribed after Ole O. Viken.

Lydarbeid, opptak, miks og mastering /

Sound recording, production, mixing and mastering: Tom Karlsrud

Innspelt i / Recorded at Lærdal mars 2012

Foto / Photography: Oddleiv Apneseth

Grafisk formgjeving / Graphic design: Eva Karlsson

Engelsk omsetjing / English translation: Svein Svarverud

Stønad / Financial support: Norsk Kulturråd, Fond for utøvende kunstnere, Rådet for folkemusikk og folkedans, Indre Sunnfjord

Spelemannslag, Sunnfjord Energi, Jølster Kommune

Takk til / Acknowledgments: Ta:lik, Tom Karlsrud,

Oddleiv Apneseth, Anna Wingård



TA104CD